

# PROSJEKTRAPPORT



*Sandestølen i Gloppen*

*Torgny Ueland*

## **FORVALTNING OG SKJØTSEL AV STØLAR**

## I. FØREORD

Stølsdrifta som i århunder har vore ein del av hovudpillarane for gardsdrifta i landet, har i det siste århundret gått radikalt tilbake. Berre i visse fjell- og dalstrøk er stølsområda enno viktige for husdyrhaldet.

Stølar som ikkje vart brukte til tradisjonell drift, var lite påakta ei tid både av offentlege instansar og av stølseigarane.

Dette har endra seg, og mange stadar er det no stor interesse i å ta stølen i bruk att både næringsmessig og for å halde dette spesielle kulturlandskapet i hevd.

Forvaltninga av stølane både her og i andre kommunar har nok vore noko tilfeldig. Det kan vere av di regelverket i liten grad tok omsyn til stølsområda, og at det heller ikkje var innarbeidd rutinar som passa.

For nokre år sidan tok landbrukskontoret kontakt med grunneigarane gjennom deira faglag og kommunale etatar for å kome fram til ei meir rett, fast og lik forvaltning av stølsområda. Sjølv om det var stor interesse for opplegget, fann vi fort ut at arbeidet var for omfattane til at vi kunne få til eit brukbart resultat.

Det som då peika seg ut, var å få til eit prosjekt som tok opp problemstillingane omkring forvaltning og skjøtsel av stølane på ein grundig måte.

Formell søkjar har vore dei som skal ha nytte av prosjektet: Kommunen og stølseigarane gjennom sine faglag.

Dei økonomiske midlane til prosjektet har kome frå ulike hald, i hovudsak via jordbruksavtalen.

Prosjektarbeidet har i store trekk vore opplagt i samsvar med prosjektsøknaden.

Visse ting har det vorte lagt større vekt på enn opprinneleg tenkt. Mellom anna var det viktig for arbeidet å ha ei fullstendig oversikt over stølane. Materialet vart samla i eit hefte, Stølane i Gløppen, og er med bak i rapporten.

Vidare viste det seg at folk ikkje berre ville snakke om stølane, dei ville også sjå dei. Dermed vart det etter kvart teke ein lysbiletserie som dekkar ein stor del av stølane. Då kan ein ikkje berre vise fram stølen, men også peike på positive og kanskje mindre positive utviklingar i den seinare tid. Vidare er det lettare å illustrere visse hovudtrekk i Retningslinjer for stølar i kommuneplanen.

Stølshandboka var opprinneleg tenkt som eit lite hefte. Etter kvart som arbeidet har gått framover, har vi sett kor viktig det er med informasjon som stølseigarane kan ha nytte av seinare. Handboka har derfor hatt ein tendens til å ese ut.

Stølshandboka og kart over stølane er vedlegg til projektrapporten.

I prosjektarbeidet har ikkje berre styringsgruppa og referansegruppa vore viktige medhjelparar, men også mange etatar på kommune- og fylkesnivå.

Grunneigarane gjennom deira oppnemnde kontaktpersonar, har heile tida vore tilgjengelig med hjelp og innspel når det gjeld stølane.

Teknisk etat i kommunen var naturleg nok den viktigaste samtalepartnaren og hjelparen i samband med utarbeiding av Retningslinjer for stølar for kommuneplanen og ved utarbeiding av Temakart for stølar.

Sandane, mars 1998

*Torgny Ueland*

## 1. INNLEIANDE MERKNADER

### 1.1 Min bakgrunn

Eg er oppvaksen på gard og er dermed velkjend med gardsarbeid.

Min studiemessige og faglege bakgrunn er frå Norges Landbrukshøgskule. Mesteparten av mi arbeidstid har eg vore i Gloppen kommune som heradsagronom og jordbrukssjef. Men eg har og arbeid i 3 år i Sogn og Fjordane med «Samla plan for forvaltning av vassressurane». Dette kan nok nærast reknast som prosjektarbeid.

Eg har alltid sett på stølane med «landbruksauge» - altså at stølen som ein del av gardsbruket, skulle utnyttast næringsmessig på linje med dei andre ressursane på bruket. Vidare at landbruket heldt oppe og skjøttar dette viktige kulturlandskapet.

Samstundes har eg som part av ålmenta, sett kva det har å seie for friluftslivet å ha levande stolar i utmark og fjell.

### 1.2 Prosjektunderlaget

Stølsdrifta som i fleire hundreår har vore ein av hovudpillarane for gardsbruka i landet, har i dei siste hundre åra gått radikalt tilbake. Berre i visse fjell og dalstrøk er stølsområda enno viktige for husdyrhaldet.

Stolar som ikkje vart brukte til tradisjonell drift, var lite påakta ei tid både av offentlege instansar og av stølseigarane.

Dette har endra seg i seinare år og mange stader er interessen no stor for å ta stølen i bruk att både næringsmessig og for å halde dette spesielle kulturlandskapet i hevd.

Forvaltninga av stølane både her og i andre kommunar har nok vore noko tilfeldig. Det kan vere av di regelverket i liten grad tok omsyn til stølsområda, og at det var heller ikkje var innarbeidt rutinar som passa.

For nokre år sidan tok landbrukskontoret kontakt med grunneigarane gjennom deira faglag og med andre kommunale etatar for å kome fram til ei meir rett, fast og lik forvaltning for stølsområda.

Men alle har sitt faste arbeid som ikkje kan skyvast tilside. Sjølv om det var stor interesse for opplegget, fann vi fort ut at arbeidet vart for omfattande til at vi kunne få til eit brukbart resultat.

Det som då peika seg ut, var å få til eit prosjekt som tok opp problemstillingane omkring forvaltning og skjøtsel av stølane på ein grundig måte.

#### 1.2.1. Bakgrunnen for å setje prosjektet i gang.

Mange stadar arbeidar grunneigarane i dag med å setja stølen i stand, med reparasjon av hus, med utviding eller nybygg. Tilkomsten som sti eller veg vert og utbetra eller oppgradert frå sti til veg. Fleire har vorte uroa over korleis dette arbeidet blir utført på bakgrunn av stølsmiljøet og på bakgrunn av korleis nye utnyttingsmåter kan utvikle seg på stølen.

## DEFINISJON AV STØL

### Tyding og avgrensing av: støl / seter

Støl heitte frå norrøn tid *stodull* med tyding mjølkeplass.

I dag har det same tyding som seter - norrønt *setr* i samanheng med sitje.

I vårt område er namnet støl og omfattar beiteområde med hus både for folk og fe.

Til stølen (stølslaget) reknast det som frå eldre tider høyrar med som: stølskvier, stølsvoll, sel, stølsfjøsar og ev. lader.

Stølen kan omfatte berre eit bruk, men vil som oftast omfatte dei bruka som høyrer til ein gard. Til dels kan fleire gardar ligge på same stølen.

## BAKGRUNN FOR STØLSOMRÅDA

### Gulatinglova viser at stølsdrifta alltid har vore ein viktig del av gardsdrifta.

I Gulatinglova, nedskreven på ca 1100 talet og den seinare landslova, var det sagt at stølane skulle vere som dei hadde vore frå gamal tid. Stølen var ein sjølvstøtt del av garden. Ja, var ikkje dyra flytta ut or heimehagen og var på stølen eit par månadar, måtte dyreeigaren betale bot.

### Stølsdrifta skulle:

- spare heimemarka
- skaffe matforråd for folk og dyr
- skaffe inntekt til garden og til skatter

Hovudproblemet for gardane var å skaffe nok vinterfor til så store bølingar som mogeleg. Folk måtte sanke høy og allslags attåtfor frå skog og fjell, drive mest med vårbera kyr og sveltefore krøtera gjennom vinteren.

I mange område var stølane ein viktig stasjon i dette arbeidet.

I seinare tid har dette endra seg sterkt og i dag er det få gardsbruk som driv mjølkeproduksjon på stølen.

Stølen med dei ulike hus og området omkring har alltid vore ein del av gardsbruket og er dermed ein viktig del av landbruket sitt kulturlandskap.

Plasseringa i landskapet er vel gjennomtenkt både for bruken av ressursane i området, og for at det skulle sjå pent ut. Det er som oftast god balanse mellom stølsvoll, dei ulike husa og beiteområda omkring. Husa ligg ofte samla i grupper/tun, samstemte i materialbruk, form, storleik og farge.

Stølsmiljøet er sårbart. Nokre større hytter eller uheldig utbetring/utviding av eksisterande sel eller fjøsar kan gje svært skadeleg verknad på miljøet.

På den andre sida vil eit kulturlandskap alltid vere i utvikling. Bygningane på ein gard og dermed også stølen, vil utvikle seg i tida i samsvar med endra driftstilhøve og endra krav.

Men stølen har kvalitetar både for garden og ålmenta/friluftslivet som ein bør ta vare på.

Stølsmiljøet må skjøttast med omtanke. Først og fremst med å vere varsame når ein vøler og utvidar eldre bygningar og vere varsame med både plassering og oppføring av nye bygg.

## VEG TIL STØLEN

### Lover og paragrafar

**Stølsvegar:  
Lover og føre-  
segner**

*Jordlova § 11 : Om nydyrking og jordbruksvegar*

*Skoglova § 17 a: Om skogbruksvegar*

*Landbruksdep. 20.12.1996: Føresegner om landbruksvegar*

### Om stølsvegar

**Stølsvegen kan  
ha 1000-årig  
tradisjon**

*Tjodveg (ålmannveg) og sæterveg og alle rekstervegar skal vera soleis som dei har lege frå gamal tid (at forno fare). Dette seier Gulatingslova i 1100-talet.*

Mange av stølsvegane er prega av langvarig bruk og kan altså ha tusenårig tradisjon. Slike stølsvegar kan vere av dei eldste fornminne vi har i landet.

**Ver varsam  
med ny veg  
til støls**

Nokre har hevda at stølsvegane var gamle dyretråkk / ræser.

Men stølsvegane har sjeldan laga seg sjølv. På Vestlandet kan vi ofte sjå sætervegar som kan vere ei einaste kliving i hengebratte fjellsider og bortetter skorer i fjella. Vegane / stiane måtte årleg ryddast og trapper og heller ordnast.

Mange har i dag fått til køyreveg til stølen. I Gloppen er det likevel ca 60 % som brukar sti.

Næringsmessig utnytting av stølen vil i dag vere vanskeleg utan vegsamband. Mest alle stølar som driv med mjølkeproduksjon leverer mjølka til meieri eller i mindre omfang lagar ost og smør på stølen. Vegene er viktig også når stølshusa skal setjast i stand eller stølsområda skal røktast og ryddast. Mange skogsvegar er i dag til god hjelp ved at dei anten går fram til stølen eller gjer det kortare med transport på eigen rygg eller hesterygg.

På den andre sida vil mange hevde at traktor- eller bilveg fram til stølen grip for mykje inn i det gamle stølsmiljøet. Her må det brukast omtanke slik at miljøet ikkje uturvande vert skadelidande.

I dag har landbruket utstyr som er lett å ta til i transportsamanheng, men som og kan føre til skader på ømtålig natur serleg med sporing og oppkjøring i myr. Alternativ for traktorveg kan vere ei viss drenering av vassjuke parti og utjamning for traktorhjul.

Ein stølsveg er ein jordbruksveg og kunne tidlegare i LNF-områda byggast utan serleg løyve. Jordlova av 12.mai 1995 seier i § 11, 3. avsnitt: "Departementet kan gi føresegner om planlegging, godkjenning og bygging av vegar for landbruksføremål."

Desse føresegnene er no komne.

**Kort om stølsveg.**

(Teke ut av "Retningslinjer for stølar" i kommuneplanen.

**Stølsvegen:  
Søknad (skjema)  
til landbruks-  
forvaltninga**

- Jord- og skogbruksvegar vil i samsvar med føresegnene forvaltast av jord- og skogbrukssakkunnig i kommunen. Dei er då pliktige til å skaffe fram naudsynleg grunnlagsmateriale m.a. frå friluftshald.
- Viktige punkt i handsaminga vil vere nytteverdien av vegen og omsynet til miljø- og kulturlandskap.

## NÆRING OG NÆRINGSUTVIKLING PÅ STØLEN

Stølen er ein del av gardsbruket. I eldre tider var det her mesteparten av avdrotten frå krøtera kom. Om vinteren var det mest om å gjere å overvintre mange dyr som kunne gje utkome i sommarhalvåret.

Stølen kunne og vere opphaldsplassen når folk skulle drive med utmark- og fjellslått, hausta tilleggssfor frå skog og mark og drive fiske, jakt og fangst.

**Typar  
landbruksdrift**

I dag kan vi ha ulike typar landbruksdrift som:

- Tradisjonell mjølkeproduksjon (medrekna ost- og smørprod.)
- Stølen brukt til gjeldfe og ungdyr - tilsyn beitedyr
- Stølen brukt til andre dyr som sau og hest - tilsyn beitedyr
- Stølskvia m.m. brukt til slått
- Gardbrukarar har ansvarskjensle for det kulturlandskapet stølen og stølsområda representerer. Også på stølar som ikkje vert brukt til tradisjonel stølsdrift, vert mykje av tida brukt til istandsetting og skjøtsel av hus, tilkomstvegar og stølsområde. Dette er skjøtsel av kulturlandskap, og bør reknast som landbruksdrift.

**Nye signal  
om  
landbruksdrift**

Nye signal om landbruksdrift kan føre til meir utnytting av stølen:

- Økologisk drift - minst moglege kunstgjødsel og kraftfôr
- Prosjekt "Levande stølar" med føremål å kome fram til moderne og lønnsam mjølkeproduksjon på stølen
- Prosjekt «Norsk senter for seterkultur» som skal vere eit kompetanse- og informasjonsenter for aktive seterbruk.
- I medhald av lov om dyrevern vert frå 1997 sett i kraft: "Storfe eldre enn 6 månadar og som vert haldne på bås, skal sikrast høve til fri rørsle og mosjon i minimum 8 veker i løpet av sommarhalvåret"

**Utmarksnæringar  
og stølen**

Landbruket er i dag ei pressa næring, og mange er på leiting etter område som kan gje meir arbeid og inntekt for gardsbruket. I den samanheng kan stølen bli sentral ved meir utnytting av utmarksnæringar som jakt og fiske, eller at stølen brukt til utleige eller anna reiselivverksemd.